



SELJE KOMMUNE
Oppvekst og kultur

6740 Selje

BARNE- OG FAMILJEDEP	KASS
ARKIVNR. 330.01	AR.
09 NOV 2005	
SAKSNO. 2005/03580	NIGN

Telefon 57 85 85 00
Mobil 90 65 86 76
Telefax 57 85 85 01
E-post post@selje.kommune.no

-222

Dykkar ref:

Vår ref: bf

07.11.2005

Framlegg til revidert rammeplan for barnehage

Høringsuttale frå Selje kommune

Framlegget til revidert rammeplan:

- Er kortare og meir fortetta enn den førre, og mykje nedkorta i forhold til framlegget frå arbeidsgruppa.
- Planen er likevel forholdsvis lett å lese. Mykje teoristoff og faguttrykk frå den førre planen er vekke. Noko lange setningar i delar av planen er likevel uheldige og vitnar om uferig redigering.
- Formuleringane i planen er noko generelle: kunne vore meir konkret.
- Krava/ forventningane til eigar, tilsynsmynde og tilsette er presiserte. Dette inneber at planen vert meir forpliktande for desse aktørane.
- Vaksne si rolle i kvardagen til barna er framheva. Planen understrekar at veremåten til dei vaksne er viktig for trivsel og læring hos barna.
- Personalet skal tilrettelegge for at foreldre og barn skal vere med og påverke kvardagen i barnehagen. Dette punktet ser likevel ut til å vere svakare formulert enn det var i framlegget frå arbeidsgruppa.
- Samarbeidet mellom ulike institusjonar er framheva som viktig. Planen legg føringar for samarbeid for å utvikle gode overgangar mellom barnehage og skule.
- Omsorg, oppseding og læring er sentrale fundament i planen. Omsorg har fått stor plass. Formuleringane er sterke på sentrale punkt.
- Leik og læring er framleis sentrale ordpar (kapittel 5). Leiken skal ha ein sentral plass. Formuleringa "lek **kan** også brukes som arbeidsmetode i barnehagen" er ikkje god. Leiken skal vel vere sentral?
- "Sosial kompetanse" er innarbeidd som faguttrykk i barnehagen. Formuleringa er ikkje brukt i ny plan. Kva er grunnen?
- Planen føreset at lærande aktivitetar i større grad enn før skal foregå både ute og inne. Det er ulogisk at styrte, lærande aktivitetar berre skal foregå inne, så endringa er til det betre.
- Planlegging, dokumentasjon og vurdering er – i takt med tida - sentrale omgrep i kapittel 7. Andre avsnittet i kapittel 7.2 er viktig. Barnehagen må ikkje bli så dokumentasjonsretta at foreldra føler at både dei sjølv og barna nærast vert overvaka av barnehagen.
- Det vil vere behov for temahefte om IKT, likestilling, vaksne i barnehagen, dokumentasjon og vurdering, fleirkulturelle barnehagar, barnehagetilbod for barn i alderen 0 – 3 år.
- Rammeplanen vert krevjande. Vil verte behov for friske midlar til kompetanseheving.
- Planen føreset eit kompetent personell. Bør stillast spørsmål ved om måla i planen kan nåast utan auka pedagogtettleik.

Hovudkonklusjon:

Ny rammeplan vil bli ein god reiskap for styrking og vidareutvikling av barnehagetilbodet i Noreg.

Med helsing

Bård Fløde

driftsrådgevar oppvekst og kultur